

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.06.2015

Astrid F. Selsvold sette på vegner av A og KrF fram slikt forslag:

"Fylkestinget ber om at framtidige årsmeldingar omtalar internkontrollar i samsvar med kommunelova § 48.5."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag (a):

"Fylkestinget meiner at praksis med å avslå søknader frå elevar med utvida rett til eit 4. og 5. skuleår er uheldig. Fylkestinget ber om at alle som ønskjer ta ut retten sin til eit 4. og 5. skuleår får det."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag (b):

"Kap: Likestilling
Ufrivillig deltid:
Alle som ønskjer det skal få tilbod om full stilling."

Tom Skauge sette fram slikt forslag:

"Årsmeldinga syner at utslepp frå fylkesferjene er større enn utsleppa frå den samla bussparken i fylket. Utslepp frå snøggbåt har og auka.

Fylkesutvalet har støtta kravet om null- og lavutslepp i nye ferjeanbod, men tatt etterhald om kor strenge desse krava skal vere.

For at det ikkje skal vere tvil om den politiske viljen i Hordaland fylkesting til å satse på ein ny generasjon ferjer med nullutslepp, ynskjer fylkestinget at prinsippa for neste anbodsrunde kjem til politisk handsaming før valet i haust."

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samråystes vedteken.

Oen sitt forslag (a) fekk 26 røyster (SV, SP, A, KrF) og fall.

Oen sitt forslag (b) fekk 18 røyster (SV, A) og fall.

Skauge sitt forslag 26 røyster (SV, SP, A, KrF) og fall.

Selsvold sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget tek "Årsmelding 2014 Hordaland fylkeskommune" til orientering.

Fylkestinget ber om at framtidige årsmeldingar omtalar internkontrollar i samsvar med kommunelova § 48.5.